

Til fylkeskommunane

Vestland, Rogaland, Vestfold og Telemark, Viken

Transportkorridorar mellom Austlandet og Vestlandet.

Utbygging av ein moderne transportkorridor mellom Austlandet og Vestlandet må ha som viktigaste føremål å skape auka konkurransekraft for bedrifter og samfunnet generelt gjennom raskare og meir pålitelege samband og slik også gje grunnlag for mobilitet for arbeid og tenesteyting. Sentrale rammevilkår for utbygginga må vere at den skal bidra til meir energieffektivitet (mindre utslepp) og færre drepte og hardt skadde (0-visjonen) i trafikken.

I **aust-vestutgreiinga i 2014** peika Statens Vegvesen på utbygging av E134 med arm til Bergen som den beste løysinga for ein slik transport-korridor og den einaste med positiv netto nytte for samfunnet.

Som svar på eit oppdrag frå SD har **Nye Veier AS i oktober 2019** sett på same problemstilling og kome til same resultat når det gjeld val av korridor. Dei har også peika på potensial for endå meir samfunnsnytte gjennom val av høgare standard og reduserte reisetider som ein konsekvens av dette.

Utbygging til moderne standard på E134 frå Frogn til Karmøy og arm til Bergen betyr mange mil med ny veg. Utbygging bør skje etter ein samla strategi og mest mulig samanhangande. **Vår overordna førsteprioritet er open veg. Dette er også næringslivet si prioritering.** Det betyr at delstrekningar der vegen er mykje stengd (eventuelt kolonnekjøring) bør byggjast ut først. I praksis vil dette samtidig gje raskare, meir påliteleg og meir energieffektiv veg på desse strekningane

Vi tillet oss å be fylkeskommunane i sin kontakt med Samferdselsdepartementet om NTP, først nå den 22. november, peike på samfunnet sitt behov for ein meir effektiv transportkorridor aust-vest i Sør-Norge og at utbygging av E134 med arm til Bergen er løysinga som best svarar på utfordringane med dagens vegsamband, slik det er dokumentert av Statens Vegvesen og Nye Veier AS.

Nye Veier AS har på oppdrag frå SD vurdert strekningar som kan vere aktuelle ved ei porteføljeutviding. Den eine strekninga er øst-vest forbindelsen over E134. I tråd med tidlegare initiativ frå E134 Haukelivegen AS ser vi i på dette som ein positiv mulighet, naturlegvis føresett finansiering. **Vi ber fylkeskommunane støtte dette synet og aktivt fremje det for SD.**

Den 19. november 2019,
for E134 Haukelivegen AS
Børge Skårdal, dagleg leiar
T. 97037989 | bs@vtnu.no

Sendt til postmottak og direkte til fylkesordførar og leiar av hovudutval